



Magnar Hjelmeland og Lars Børge Sæberg i Omvikdalen jobbar no med eit interessant prosjekt om utvandringen til Amerika og antar at 250 frå denne bygda emigerte. Men pioneren, kalt forrunner til Olive Township i skriftlige kjelder, var ein uskedeling. Så lenge han budde i heimlandet heitte han Johannes Døssland, men i Iowa tok han namnet John D. Johnson junior. Han kom til Amerika 26 år gamal i 1852 og var eitt år i Chicago før han slo seg ned og vart i nabostaten. Som andre fekk han truleg 80 acres. I 1854 sørget han for at også foreldra Johannes Johanesson og Lisbeth Arnesdotter Ask, 2 brør og 3 systre kom over. Garden som dei forlet var Øvre Døssland, som vart seld til varaordfører Hans Hansson på Indre Fet.

Han hadde sidan 1851 hatt feste på eit bruk under den andre garden på Øvre Døssland. Vert det opplyst i gards- og ættesoga for Kvinnherad.

- Eg har også mange opplysningar om andre uskedelinger som emigrerte og kan gjerne stå til teneste hvis det skulle vere aktuelt med eit tilsvarande prosjekt for Uskedalen seier Hjelmeland til uskedalen.no Men 75-åringen gjer det klart at han ikkje har kapasitet til å ta seg av det. Sjølv har han vitja det aktuelle området i Iowa ein gong, for 8 år sidan. Som det meste av Midtvesten ellers er det nærmast paddeflatt og ikkje så lite annleis enn bygdene her.

Tidspunktet då Uskedalfamilien forlet Døssland forel at emigrasjonen frå vår del av landet kom igang relativt seint samanlikna med Austlandet og ein grunn til det var sikkert fiskeressursane, meiner Hjelmeland. Men på 1860-talet auka det - ein kan lesa i eit hefte frå Iowa at det kom 70 på ein gong til området og dei fleste var truleg frå Kvinnherad.

Olive Township var det åttande settlement som vart grunnlagd av nordmenn i Clinton County. I eit jubileumshefte for kyrkja i området les vi mellom anna at turen frå Norge tok opptil 9 veker, men dei fleste slapp med 3. De som allereie var etablert var gjestfrie og rydda plass for opptil 12 familier i eitt hus!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

